

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 14.11.2005
Sakbehandlar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Utbygging av Solli sjukehus/Fana DPS**

Styresak 102/05 B

Styremøte 23.11. 2005

Bakgrunn

Helse Vest RHF har ansvar for å realisere utbyggingsføremåla i Opptappingsplanen for psykisk helse 1999-2008. Det gjeld og utbyggingar i private ideelle institusjonar som inngår i opptappingsplanen. Det er i opptappingsplanen føresett utbygging ved Solli sykehus og Hospitalet Betanien.

Ein legg her fram sak om utbygging ved Solli sykehus.

Solli sykehus er planlagt omdanna til Fana DPS. I samband med denne omdanninga er det planlagt ei utbygging. Dagens verksemd drives i eldre lokale som består av eit hovudbygg med sengepostar og eit terapibygget for mellom anna dagtilbod. Det er og eit midlertidig brakkebygg som inneheld lokale for den polikliniske verksemda.

Det er planlagt eit nytt bygg for døgnavdelinga (sengepostane) medan noverande hovudbygg blir rehabilitert til lokale for poliklinisk verksemd. Terapibygget blir rehabilitert til dagavdeling.

Solli sykehus er privat og er eigd av Anton, Malla og Augusta Antonette Mohr legat og Stiftelsen Bergen Diakonissehjem med 50 % kvar.

Saka gjeld såleis både godkjenning av eit utbyggingsprosjekt og korleis Helse Vest RHF vil finansiera utbygginga i ei privat verksemd.

Kommentarar

Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling

I samsvar med Opptappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 skal det etablerast distriktpsikiatriske sentre (DPS) i alle regionane. Det er i Helseregion Vest planlagt 17 DPS som skal dekke kvar sitt befolkningsområde, dvs kommunar og/eller bydelar.

DPS-a skal yte allmennpsykiatriske tenester til befolkninga i opptaksområde. Sjukehusa skal yte meir spesialiserte tenester.

Det skal i Helse Bergen-område vere 5 slike DPS.

- Åstveit DPS (tidligere Bjørgvin DPS)
- Fjell og Årstad DPS
- Betanien DPS
- Fana DPS
- Voss Bjørkeli DPS

Betanien og Fana DPS er private mens Voss Bjørkeli DPS består av poliklinikken ved Voss sjukehus og døgneining ved Bjørkeli som er privat.

Saka her gjeld Fana DPS. Fana DPS skal utviklast ved ei omdanning av Solli sykehus (Nervesanatorium).

Fana DPS skal saman med Askviknes Voksenpsykiatriske senter som er ein del av Helse Bergen HF, gi allmennpsykiatriske tenester til vaksne i Fana bydel i Bergen og kommunane Os, Samnanger, Fusa og Austevoll.

Ombygging av Solli sykehus/Fana DPS inngår som eit av dei føremål som Helse Vest RHF skal realisera i samband med opptrappingsplanen.

Prosjektet har ikkje konsekvensar for regional oppgåve- og funksjonsfordeling.

Dimensjonerande føresetnader, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata

Solli sykehus har i dag 27 sjukehussenger, poliklinikk med 14 årsverk og 5,5 årsverk i dagavdeling.

Det framtidige Fana DPS er planlagt dimensjonert med 20 døgnplassar, 22 polikliniske årsverk og 8 årsverk i dagavdeling. Med tillegg av 24 døgnplassar ved Askviknes VPS skal senteret dekke behovet for allmennpsykiatriske tenester i Fana bydel og kommunane Os, Samnanger, Fusa og Austevoll. Dette opptaksområde hadde i 2004 ca 56.000 innbyggjarar 18 år og over. Det gir ei døgnplassdekning på ca 0,8 plassar pr 1000 innbyggjarar. For polikliniske tenester betyr det ca 2.500 innbyggjarar pr stilling.

Ein opererar ikkje lenger med klare normtal for dimensjonering i opptrappingsplanen. Ein må dessutan sjå tilbodet i ein heilskap. Det er ein rimeleg dimensjonering som er lagt til grunn. Over noko tid bør ein likevel vurdere om døgntilbodet kan reduserast noko og styrka det polikliniske og ambulante tilbodet.

Fana DPS skal gje eit døgntilbod, eit dagtilbod og polikliniske og ambulante tenester i tråd med intensjonane i opptrappingsplanen.

Senteret vil bli organisert som ei eiga administrativ og fagleg eining men med nært samarbeid med Askviknes VPS i Helse Bergen HF.

Tal opphaldsdøgn er berekna til 7.300 med dei planlagde 20 døgnplassane. Med ei gjennomsnittleg liggetid på 28 dagar vil det gi 260 pasientopphald.

Dei polikliniske konsultasjonane er berekna til 10.890 basert på 22 stillingar.

Samla investerings-/lønsomheitsanalyse

Det er gjort ein analyse (mars 2005) for å klarlegge arealbehovet for verksemda og korleis den eksisterande bygningsmassen kan nyttast med omsyn til funksjonalitet og kostnader.

Det er anbefalt at eksisterande hovudbygg som i dag inneheld sengepostar blir bygd om til poliklinikk, dagens terapibygg blir behalde som dagavdeling samt at det blir ført opp eit bygg for døgnavdelinga.

Nybygget blir lagt mellom dagens hovudbygg og terapibygget (i bakkant) slik at bygga blir knytt saman.

Prosjektet si arealramme er berekna til 2.510 m² brutto fordelt slik:

- nybygg (døgnavdeling) 1.360 m²
- rehabilitering av eksisterande bygg (poliklinikk og dagavdeling) 1.150 m²

Dette er i samsvar med normtal knytt til investeringar og areal i opptrappingsplanen.

Total byggekostnad er berekna til 49,5 mill. kr. Det er då tatt omsyn til prisstigning i byggeperioden, finanskostnader (byggelånsrente) og det er avsett ein reserve/margin for byggekostnader på 12,5 %.

Investeringa vil samla sett ha ei avskrivningstid på 30 år og ei årleg avskrivning som går fram av tabellen under:

	Beløp	År	Avskrivning
Bygningskropp	21 216 917	60	353 615
Ventilasjon/varme/sanitær	12 709 519	25	508 381
Elkraft/installasjoner	5 697 037	25	227 881
Byggautomatisering/IKT/Tele	3 636 818	25	145 473
Andre Installasjoner	2 282 684	25	91 307
Imaterielle eiendeler	3 125 000	12	260 417
Utendørsarbeid	818 566	10	81 857
SUM	49 486 541	30	1 668 931

Solli har fått tilbud frå Sparebanken Vest på fullfinansiering av nybygget. Det er då føresett at det blir etablert ei driftsavtale mellom Helse Vest og Solli som har ei minimum løpetid på 10 år. Avtalen må då dekke den årlege kostnadsauken som følgjer av nybygget. Nedbetalingstida for nybygget vil vera på 30 år som er samanfallande med avskrivningstida.

Investeringa i nybygget vil isolert sett gi Solli ei auke i årleg utbetaling dei første 30 åra som følgjer (beløp uttrykt i 2005 kroneverdi):

Renter og nedbetaling lån nybygg	kr. 2,661 mill
Driftskostnader nybygg	<u>kr. 1,136 mill</u>
Sum auke i utbetalningar	<u>kr. 3,797 mill</u>

Oversikta er basert på dagens rente på 3,25 % og eit annuitetslån på 30 år. Dersom ein legg til grunn ei rente på 5 % vil årleg rentekostnad auke med 0,860 mill det første heile driftsåret og utbetalinga vil då utgjere 4,657 mill.

Den årlege kapitalkostnad samt driftskostnad for nybygg er såleis berre retningsgivande og er meir eit uttrykk for finansieringsløysinga som Helse Vest kan inngå med Solli. Helse Vest må i saman med Solli kvalitetssikre at det blir oppnådd best moglege vilkår for finansieringa og at driftskostnadane for nybygget blir lågast mulig.

Helse Vest må framforhandle avtale med Solli som regulerer den økonomiske driftsramma som følgjer av nybygget.

I ein periode fram til nybygget står ferdig vil det være behov for midlertidig ombygging og bruk av brakker til polikliniske verksemd. Dette vil medføre ei auke i årleg kostnad på kr 0,275 mill i 5 år. Kompenasjon for denne kostnadsauken må avtalast nærare i den årlege bestillinga og er ikkje innarbeida i denne saka.

Som følge av utvida kapasitet vil det og være behov for utviding av driftsnivå og tal stillingar. Denne veksten vil måtte sjåast opp mot opptrappingsplan psykiatri og dei løyvingane som blir gitt på statsbudsjettet. Solli må her tilpasse driftsnivået i samsvar med dei opptrappingsmidlane som blir gitt frå Helse Vest. Desse løyvingane vil bli tildelt i den årlege inntektsfordeling og vil ikkje bli innarbeida i denne saka.

Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

I driftsavtalen med Solli sjukehus ligg det inne eit kapitaltilskot for å dekke behovet for løypande reinvesteringar med basis i dagens driftsnivå. Solli er avhengig av ei finansieringsløyising for å gjennomføre nybygginga. Dei vil derfor ha eit behov for auka driftsramme frå Helse Vest for å dekke auka kapital- og driftskostnad som følge av nybygget.

Realisering av prosjektet føreset følgjande:

- Nybygg på kr 49,5 mill blir finansiert av Solli gjennom opptak av lån frå Sparebanken Vest
- Auka driftsramme for å dekke kapitalkostnad fastsettes gjennom avtaleforhandling mellom Helse Vest og Solli. Beløpet må avtalast med basis i 30 år avskrivingsstid og elles til best mogleg rentevilkår.
- Avtalen med Helse Vest må ha ei minimum løypetid på 10 år
- Auka driftskostnader knytt til nybygget blir innarbeida i ramma. Denne er førebels estimert til kr 1,136 mill.

Solli vil etter gjennomføring av prosjektet måtte tilpasse den totale drifta i tråd med dei rammer og opptrappingsmidlar som blir gitt frå Helse Vest.

Kostnaden for Helse Vest vil være knytt til auka driftsramme for å dekke kapitalkostnad samt auka driftskostnad nybygg. Beløpet vil være avhengig av utviklinga i rentenivået.

Plan for prosjektet

Det er laga følgjande framdriftsplan:

- Forprosjekt ferdig juni 2006
- Byggestart oktober 2006
- Ferdiggjering døgnavdeling sept. 2007
- Ferdiggjering poliklinikk febr. 2008

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner utbygging av Solli sjukehus/Fana DPS i tråd med føreliggjande avgjerdsunderlag utarbeidd av Erstad & Lekven Bergen AS.
2. Eigiarane av Solli sykehus er ansvarlege for utbygginga og finansieringa av denne.
3. Utbygginga må skje innan ei kostnadsramme på 49,5 mill. kr.

4. Helse Vest RHF aukar driftsramma til Solli sjukehus tilsvarende kapitalkostnaden for prosjektet (inntil 49,5 mill) samt auka driftskostnad for nybygget. Administrerande direktør får fullmakt til å framforhandle avtale med Solli som regulerar den økonomiske ramma knytt til prosjektet.
5. Driftsavtalen mellom Helse Vest RHF og Solli sykehus får ei løypetid på 10 år med mogeligheit for forlenging.
6. Helse Vest må kvalitetssikre at Solli finansierer prosjektet basert på best mulig konkurransedyktige vilkår, og vil basera framtidig kompensasjon på beste marknadsvilkår.
7. Utviding av driftsramme med nye stillingar vil bli vurdert i årleg budsjettprosess og i samband med fordeling av midlar i opptrappingsplan for psykisk helse.